

Hjertefred på søndag.

30.10.2015



Engledansen under Grano gjorde eit sterkt intrykk under det første arrangementet i 2010

Det er no 5 år sidan mange var samla til den første Hjertefred-markeringa ved Grano i Uskedalen. Etter det har Hjertefred vorte arrangert kvart år første helga i november. Førstkommande søndag vert det såleis arrangert for 6. gong. Arrangementet føregår på Torgplassen på Husnes slik det har gjort dei seinare åra.

Poenget med arrangementet er at ein skal minnast dei ein har mista. Hjertefred skal gjera det lettare å snakka om saknet, og det skal vera med å gjera det lettare for dei som har mista nokre av sine kjære. Ein skal kunna dela sorg med kvarandre, og få fram at sorg også kan vera glede. Det er med og hjelper til å ta vare på dei gode minnene, og visa at ein framleis har dei ein har mista i hjarta.

På arrangementet vert det tekstinnslag ved Hilde Lande Eikeland og Ingeborg Håvik Pedersen. Det vert danseframføring av nokre unge jenter frå Rosendals-området. Mange fine song- og musikkinnslag vert det også. Kristine Hestad og Kjell Skarsfjord opptrer på fløyte og cello. Synne Lee, Renate Haugs og soknepresten vår Lina Håland vil alle tre bidra med vakre songinnslag. Barnekoret Nattergulen opptrer også, og dei har med seg Tonje Solheim som solist.

Ungguten Torbjørn Storegjerde frå Løfallstrand vil syta for det som har med lyd og teknikk å gjere.

Hjertefred-arrangementa er blitt ein tradisjon som mange set pris, og som mange syns det gjer godt å vera med på. Arrangørane håpar på godt frammøte også i år. Arrangementet pågår frå kl.18.00 til kl.19.00

Det er Helgemessesøndag, og etter arrangementet vert det gudsteneste med sokneprest Lina Håland i Husnes kyrkje kl.19.15.

De kan lesa om [det første Hjertefred-arrangementet her.](#)



Frå det første arrangementet i 2010

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen